

NJFF Sogn og Fjordane
Fagleiar fisk Svein Arne Forfod
Markus Thranesgt 13
6993 Høyanger

Høyanger 05.07.09

NVE onsesjonsavdelinga
Pb 5091 Majorstua
0301 Oslo
Att. Jan Sørensen

Breim Kraft AS Melding om utbygging av Storelva i Gloppen kommune Sogn og Fjordane.

Viser til telefonsamtale med Jan Sørensen den 30.06, der vi bad om utsetjing med høyringsfristen på grunn av ferieavvikling, og til sakas dokument frå NVE sine nettsider.

Om NJFF Sogn og Fjordane.

Vi representerer over 3400 medlemmer i NJFF som samla har over 110 000 medlemmer. Fylkeslaget består av 26 lokallag, som ivaretek jakt fiske og friluftssinteressene i fylket. Lokallag i Gloppen har og engasjert seg. Vi har følgjande merknader til meldinga.

Føreliggjande planar representerer eit dramatisk inngrep sentralt i jordbruksbygdene rundt Breimsvatnet. Framlegg om å flytte utløpet frå kraftverket vekk frå Osen ved Campingplassen, og redusere vassføringa her til $1\text{m}^3/\text{sek}$ på vinteren og $4\text{m}^3/\text{sek}$, er etter vårt syn heilt uaktuelt.

Ein KU må innehalde fullstendige fagrapportar innanfor tema som jakt, fiske og friluftsliv og fisk og ferskvassbiologi. Vi anser ikkje 2 gytefiskteljingar som tilstrekkeleg underlag for å hevde at Storelva si rolle som gytearena for storaurestammen i Breimsvatnet er godt nok utgreidd. Det er heller ikkje rett at storauren utelukkande gyt på strekninga Ryssdaklsnes - Trysilfossen.

I fleire tilløpsbekker til Breimsvatnet har ein registrert gyting av storfisk, og fleire av desse bekkane er og utbygde. I det heile finn vi det tvilsamt at vassdraget blir utbygd i stor grad, utan at sumverknader av den omfattande kraftutbygginga blir gjenstande for ei samla KU-vurdering for vassdraget. Vurderingar baserte på nokre elvemetar her- nokre der, gjev ikkje trygt avgjerdsgrunnlag for vurdering av kva tiltaka samla sett betyr for rekrutteringa til Breimsvatnet. I Storelva vert det årvisst teke staurar i fiskesesongen i området ved osen..

Den føreslegne minstevassføringa er og i knappaste laget etter vårt syn. Breidden på elva er gjennomgåande så stor at 1 kubikk/sek om vinteren og 4 kubikk/sek om ikkje er stor nok til å oppretthalde nok vassdekt areal til å utnytte biologisk produksjon i elva fullt ut. Vintervassføringa bør vurderast dobla til 2 kubikk , og sommarvassføringa til minst 6 kubikk i sekundet.

I tillegg vil det vere nødvendig å etablere tersklar på nokre avsnitt av elva mellom inntak og kraftverksutløpet. Ei rekkje naturlege tersklar på fjellgrunn har god vassdekning, men lite skjulplassar og gytearenaer. Ved anlegg av tersklar (Syvde) på elveavsnitt med meire lausmassedekning, vil det lett kunne utplasserast gytgrus på rett djup/ rett straumfart.

Vi meiner Breimsosen må bevarast inntakt - både som landskapselement, men først og fremst som sentralt yngelproduksjons- og ynglingsområde.

Lokalisering av kraftverk.

På basis av dette meiner vi at eit utbyggingsprosjekt, med inntak ved Høylo, og tunell i fjell om lag til området ved fjordhestgarden, og nedgraven røyr vidare ikkje lenger enn til svingen om lag 150 meter ovanfor Seimebrua vil vere akseptabelt, da dette elveavsnittet er mindre konfliktfylt.

Ved ei kortare tunelløysing vil behovet for deponi av tunellmassar verte mindre. T. d. ligg det landbruksareal nært elva, som blir oversvøymde ved flaumar. Ved å skave av jord her, og deponere tunellmassar på området, vil ein oppnå sikring mot flaumskader, og truleg og betre forhold for landbruksdrift. Massane kan og sjåast på som ein ressurs til bygging av gang/sykkelveg langs vassdraget, eller til andre utbyggingsføremål.

Vi vil på det sterkaste rå frå at det blir høve til å deponere massar direkte i Breimsvatnet. Alternative deponi, som kan gjere massane tilgjengelege for andre utbyggingsføremål kan akseptast., om slike kan organiserast i området. I Seimemarka vil eit deponi vere eit framandelement, likedan eit kraftverk og ein ny ”kunstig” elveos. Ikkje akseptabelt etter vårt syn.

Restane etter kraftverket i Flølofossen framstår i desse dagar som eit vandringshinder for storauren, som i tidlegare tider vandra langt oppover i vassdraget. Restaurering av trapp, eller fjerning av dam bør vurderast som aktuelt tiltak. Det har vore teke 7-8kg storaure oppover i vassdraget- ein ressurs det er vel verd å vidareutvikle.

Oppsummert;

Vi gjentek at ressursen som Storelva representerer krev at det vert anlagt eit breidspektra KU-arbeid vidare i prosessen.

Breimsosen må bevarast inntakt .

Minstevassføring bør høgast.

Tersklar tilrettelagt med gyte- og skjulplassar må etablerast.

Vandringshinder i elva må utbetrast

Vi vil følgje saka vidare i prosessen.

Mvh

Svein Arne Forfod
-sakshandsamar-